



# Maurens mystiske liv

**Kor gammel blir ei maurtue? Og er det riktig at det berre bur éi dronning i kvar maurtue? Det finst mange mytar og rare historier om maur.**

TEKST: TRINE-LISE GJESDAL

Ifølgje speidarboka til Ole, Dole og Doffen og dei andre i speidarrørsla Hakkespettene ligg alle maurtuer på sørsida av trea. Ei grei opplysning for speidarar på ville vegar. Men er det verkeleg slik at vi kan bruka maurtuene til å orientera oss i naturen? Vi har snakka med maurspesialisten Torstein Kvamme. Han fortel at det ikkje er heilt riktig slik det står i Hakkespettboka i Donald Duck.

## Lys og varme

– Dei aller fleste maur vil bu der det er lyst og varmt. Derfor byggjer dei tuene sine på stader der det er

mest mogleg sol. Og slike stader kan liggja kvar som helst i skogen uavhengig av trea. Samtidig vel maur å bu der dei finn materiale dei kan byggja tuene sine med, og i område der dei slepp å konkurrera med andre maursamfunn, fortel Torstein.

Torstein jobbar som forskar ved Norsk institutt for skog og landskap. Hans jobb går ut på å studera kvar og korleis maur lever. Han reiser til og med rundt i Noreg og andre land for å studera maurtuer, så han er veldig interessert i dei små insekta.



**Maur har ulike oppgåver. Her ein arbeidarmaur og ein storhovda soldatmaur. FOTO: SHUTTERSTOCK**

# Gjester som drep

**Forutan maur lever det hundrevis av andre insekt inne i maurtua. Éin av gjestene – den blinde køllebilla – et til og med avkommet til mauren.**

Både midd, edderkoppar og andre smådyr kan leva eit godt liv inne i ei maurtua. Nokre insekt besøker maurane i korte periodar, mens andre lever i maurtua heile livet. Det gjer den blinde køllebilla. Ho er heilt avhengig av maurane for å overleva, og forsyner seg av både egg, larver og pupper i tua. Mauren er til og med så omtenkjam at han matar og passar på billa. Det er enno eit mysterium kvifor maurane er så snille med køllebilla. Det kan vera at billene lagar duftstoff som maurane liker. Uansett så trivst mauren og billa i selskap med kvarandre.

**Køllebilla lever i maurtua heile livet.**  
FOTO: K. SUND/SKOG OG LANDSKAP



**Maur byggjer tuene sine der det er mest mogleg sol, og der dei finn materiale til å byggja tuene.**  
FOTO: NTB SCANPIX

## Hundrevis av år

I Noreg har ein hittil funne om lag 55 forskjellige artar maur, men det kan vera at det finst så mange som 70 artar eller meir. I heile verda er det i alt funne 14 000 forskjellige maurartar. Men Torstein trur at det kan eksistera så mange som 25 000 artar. Vi har berre ikkje funne alle enno. Og sjølv om artane ser veldig like ut, lever mange svært forskjellige. Nokre liker å bu varmt og tørt, mens andre liker å bu i skog og våte myrar.

– Og nokre maurartar liker å bu i små koloniar, mens andre lever i

såkalla superkoloniar som består av mange tuer med millionar av arbeidarar, fortel Torstein. Han har sett maurtuer som er over to meter høge. Desse er svært gamle, fortel han. Men han kan ikkje seia eksakt når maurane begynte å byggja dei. Torstein trur at dei eldste maurtuene kan vera 250 år gamle eller meir.

## Dronningar og late maur

Det er riktig at enkelte maur-samfunn berre har éi dronning. Dette gjeld for små maursamfunn som berre består av 50 arbeidarar. Men i tuer der det bur millionar

Fortsetter på neste side ►



Torstein Kvamme er ekspert på maur. Han meiner vi enno ikkje har funne alle artane.

av maur, bur det også mange dronningar. I tuer med meir enn fem millionar arbeidarar har ein registrert at det bur så mange som 5000 dronningar.

Når ein snakkar om maur, omtalar ein oftast dei som er arbeidarar. Dei er nemleg kjende som flittige og arbeidsame insekt. Men det er ein myte at alle maur er flittige. Det finst også late maur.

– Nokre maur held andre som slavar. Og det finst maur som



blir omtala som sosialparasittar fordi dei tvingar seg inn i andre maur sine tuer, drep dronninga og tvingar andre maur til å oppdra avkommet sitt, fortel Torstein.

**I små maursamfunn med berre 50 arbeidarar bur det éi dronning. Der det bur millionar av maur, bur det også mange dronningar.**

FOTO: PICTUREPOINT.NO



FOTO: SHUTTERSTOCK